



*Sykkylven*  
*Seniorakademi*

# Møteprogram 2024

Sykylven Seniorakademi er ei foreining som har til føremål å stimulere eldre og andre interesserte til å halde ved like samfunnsengasjementet sitt og utvide og utvikle kunnskapane sine. Dette vert gjort gjennom møte, forelesingar, kurs og ekskursjonar. Vi vil legge vekt på at innhaldet i aktivitetane skal halde eit høgt fagleg nivå, og ha eit populærvitskapleg preg.

Seniorakademiet har etablert samarbeid med NTNU i Ålesund. Vi har gjort det fordi slik kontakt kan bidra til å sikre og utvikle kvaliteten på aktivitetane våre.

Sykylven Seniorakademi vart stifta den 31. januar 2020. Styret for 2023 har vore desse: Ole-Petter Solnørðal (leiar), Lars Jørgen Vik (nestleiar), Torbjørn Støylen (kasserar), Ove Bjerkan (skrivar), Eldrid Suorza og Leonhard Vårdal (styremedlemer). Paul Davik og Sølvi Grebstad er varamedlemer.

I 2024 vil det verte skipa til sju temamøte. Dersom det er interesse for det vil det også bli skipa til kurs og ekskursjonar.

Møta i Sykkylven Seniorakademi er opne for alle. Medlemene går gratis, men andre betaler inngangspengar. Møta vert avvikla på Sykkylven Kulturhus med møtestart kl 13.00. I forkant av møta (frå kl 12.00) vert det normalt høve til kjøp av kaffi og mat. Møta vert annonserete i lokalavisa Nyss og i digitale medier.

Vi tek atterhald om endringar.

## 18. januar



### Kikki Flesche Kleiven: Klimakrisa. Kor alvorleg er ho?

*Kikki Flesche Kleiven er direktør på Bjerknes-senteret for klimaforskning og førsteamanuensis ved institutt for geovitenskap ved UiB. Ho har doktorgraden i marinegeologi, og er ekspert på havstraumar og fortidsklima.*

## 15. februar



### Silje Pileberg: Forsking formidla gjennom den gode historia.

*Pileberg er frå Sykkylven. Ho har mastergrad i journalistikk, og er frilansjournalist med spesialisering i forskingsjournalistikk. I 2015 fekk ho ViS-prisen for 'kritisk, innsiktsfull og vederheftig forskingsjournalistikk'.*

## 14. mars



### Øyvind Bratberg: Tar vi demokratiet for gitt? Tekst, makt og medborgarskap i samfunnet.

*Bratberg er har doktorgrad i statsvitenskap og er førstelektor ved UiO, institutt for statsvitenskap. Bratberg har skrive fleire bøker om norsk og internasjonal politikk. I 2016 vart han kåra til ein av ti 'fantastiske formidlere' av Morgenbladet.*

## 18. april




### Paul Otto Brunstad: Sunt bondevett, fins det framleis, og kva rolle spelar det i så fall i vår digitale tidsalder ?

*Brunstad er frå Sykkylven, er utdanna teolog og er professor ved HVL (Høgskulen på Vestlandet) i Bergen. Han har tidligare undervist i leiing og etikk ved Sjøkrigsskolen i Bergen og Luftkrigs-skolen i Trondheim, og har skrive fleire bøker.*

**26. september**

**Hans Olav Lahlum: Presidentvalet i USA.**


*Lahlum er historikar og har skrive fleire biografiar over norske politikarar og kriminalromanar. Lahlum har vore og er aktiv politikar i SV. Lahlum er også ein svært kompetent sjakkspelar, og i 2008 mottok han Norges Sjakkforbunds heidersteikn i gull.*



**17. oktober**

**Per Kristian Eide: Hjernevæske, hjernerens og demens.**


*Eide er professor i nevrokirurgi ved Universitetet i Oslo og seksjonsoverlege ved Rikshospitalet. Eide har åleine eller saman med andre skrive mange forskingsartiklar om korleis hjernen fungerer. Eide er opprinnelag frå Ålesund.*



**21. november**

**Helge Simonnes: Konspirasjonar og konspirasjonsteoriar.**

*Simonnes har utdanning som siviløkonom, men har også studert statsvitenskap og jus. Han var sjefredaktør i avisas Vårt Land i nesten tretti år. Simonnes har skrive fleire bøker om ulike emne. Han er no spaltist i Dagsavisen.*





*sykkylven*  
*seniorakademi*

# Innmeldingsskjema

Alle som er 60 år eller eldre kan vere medlemer i Sykkylven Seniorakademi, men også ikkje-medlemer i alle aldrar er velkomne på arrangementa våre.

Du kan melde deg inn og betale årskontingenen på møta våre, eller ved å fylle ut skjemaet nedanfor, og levere det til ein av styremedlemene. Du kan også melde deg inn ved å sende ein epost med dei opplysningane som er nemnde nedanfor til [sykkylvensenioraka@gmail.com](mailto:sykkylvensenioraka@gmail.com). Medlemskontingenen for 2024, 400 kr, sender du så til konto nr. 3910.68.13055.

Namn: \_\_\_\_\_

Fødselsår: \_\_\_\_\_

Email-adresse: \_\_\_\_\_

Telefonnr.: \_\_\_\_\_

Gateadresse: \_\_\_\_\_

Postnr.: \_\_\_\_\_

 Sparebanken  
Møre

  
Gjensidige